

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
074/21	Formannskapet	PS	03.06.2021
056/21	Kommunestyret	PS	16.06.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-242	21/529

Ekstraordinær tilførsel til premiefond

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond.

Formannskapet - 074/21 - 03.06.2021

FS - behandling:

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka. Dette er midlar som er frigjort, men samstundes er det ikkje midlar som kommunen kan disponera, det vert ståande i pensjonsfondet.
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond.

Kommunestyret - 056/21 - 16.06.2021

KS - behandling:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret

Samrøystes for formannskapetets framlegg til vedtak:

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond.

Saksopplysninger:

Endringar i reglane for offentlig tenestepensjon er hovudårsaka til at det er frigjort betydelege midlar frå oppsparte pensjonsreservar (premiereservar). Dette gjeld i dei fleste pensjonsordningane i KLP, men ikkje i den lukka pensjonsordninga for folkevalde. Dei frigjorte midlane vil bli berekna med utgangspunkt i pensjonsgrunnlaget i kvar av våre pensjonsordningar. Midlane vil bli overført frå KLP til premiefondet vårt i 2. kvartal 2021, og kan berre nyttast til å betale framtidig pensjon.

Nedanfor gir KLP dei førebelse anslaga på kva dei frigjorte premiereservane vil bety for oss i kvar av pensjonsordningane Austrheim kommune har i KLP. Endelege beløp kan ikkje fastsetjast før ved rekneskapsavslutninga for 2020.

Pensjonsordning	Samlet i ordningen i prosent av pensjonsgrunnlaget	Foreløpig anslag
Fellesordningen for kommuner og bedrifter	14,5 %	kr 15 240 000
Pensjonsordningen for sykepleiere	8,5 %	kr 1 590 000

Dei frigjorte midlane som skuldast endringa i avsetningsbehov for alderspensjon vil bli overført til premiefondet i 2. kvartal 2021.

Korleis vil vi bruka premiefondet? Midlar på premiefondet kan berre nyttast til betaling av framtidige pensjonspremiar. Dei ekstraordinære midlane vil bli ståande på premiefondet (lukka) til vi gir KLP melding om å bruka dei. Dersom vi ønskjer at KLP automatisk skal trekkje premieinnbetalingar frå desse midlane på premiefondet framover (opent), må vi gi KLP beskjed om det. Dei øvrige tilføringane av overskott og avrekningar til premiefondet vil som før bli nytta til betaling av komande premie-fakturaer.

Rekneskapsmessige konsekvensar ved bruk av premiefondet av heile ekstraordinær tilførsel

Dersom vi vel å nytte heile den ekstraordinær tilførselen vil premien til KLP blir trekt frå premiefondet i 2021. Det vil føre til at premieavviket blir vesentleg lågare enn normalt, truleg negativt. Eit negativt premieavvik vil redusera det akkumulerte premieavviket. For dei komande åra vil då dei samla pensjonskostnadane bli noko lågare som fylgje av redusert avskrivning av premieavvik. For dei som praktiserer eit års avskrivning vil dette gje nedgang i samla pensjonskostnad i 2022, og deretter små utslag.

Døme på bruk av heile den ekstraordinære tilførselen til premiefondet.

ØKONOMIPLAN PENSJON-PROGNOSE										
	Skriv inn risikofelleskap:	18								
	Skriv inn arbeidsgiver:	1264001				Ønsket bruk:	14340000	0	0	
Austrheim kommune		Normal bruk av premiefond					Bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond			
BUDSJETT		2 021	2 022	2 023	2 024		2 021	2 022	2 023	2 024
Anslag samlet innbetaling		18461000	19055000	20735000	21233000		4121000	19055000	20735000	21233000
Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunlaget		19,4 %	19,4 %	20,5 %	20,3 %		4,3 %	19,4 %	20,5 %	20,3 %
Netto pensjonskostnad		10147000	10434000	10740000	11048000		10398000	10945000	11269000	11595000
Omkostringer		724000	752000	783000	816000		724000	752000	783000	816000
Amortisert premieawik		3505000	3759000	4517000	5383000		3505000	1675000	2360000	3150000
Sa mlet pensjonskostnad		14376000	14945000	16040000	17247000		14627000	13372000	14412000	15561000
Sa mlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunlaget		15,1 %	15,2 %	15,8 %	16,5 %		15,4 %	13,6 %	14,2 %	14,9 %
Årets premieavvik (positivt awik som inntekt)		7590000	7869000	9212000	9369000		-7001000	7358000	8683000	8822000
FORUTSETNINGER		2 021	2 021	2 023	2 024					
Pensjonsgrunlaget i året		95282000	98140000	101281000	104522000		95282000	98140000	101281000	104522000
Avskrivningstid (Amortiseringstid)		7	7	7	7		7	7	7	7

ØKONOMIPLAN PENSJON-PROGNOSE										
	Skriv inn risikofelleskap:	18								
	Skriv inn arbeidsgiver:	1264001				Ønsket bruk:	14340000	0	0	
Austrheim kommune		Normal bruk av premiefond					Bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond			
BUDSJETT		2 021	2 022	2 023	2 024		2 021	2 022	2 023	2 024
Anslag samlet innbetaling		18461000	19055000	20735000	21233000		4121000	19055000	20735000	21233000
Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunlaget		19,4 %	19,4 %	20,5 %	20,3 %		4,3 %	19,4 %	20,5 %	20,3 %
Netto pensjonskostnad		10147000	10434000	10740000	11048000		10398000	10945000	11269000	11595000
Omkostringer		724000	752000	783000	816000		724000	752000	783000	816000
Amortisert premieawik		3505000	3759000	4517000	5383000		3505000	1675000	2360000	3150000
Sa mlet pensjonskostnad		14376000	14945000	16040000	17247000		14627000	13372000	14412000	15561000
Sa mlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunlaget		15,1 %	15,2 %	15,8 %	16,5 %		15,4 %	13,6 %	14,2 %	14,9 %
Årets premieavvik (positivt awik som inntekt)		7590000	7869000	9212000	9369000		-7001000	7358000	8683000	8822000
FORUTSETNINGER		2 021	2 021	2 023	2 024					
Pensjonsgrunlaget i året		95282000	98140000	101281000	104522000		95282000	98140000	101281000	104522000
Avskrivningstid (Amortiseringstid)		7	7	7	7		7	7	7	7

ØKONOMIPLAN PENSJON-PROGNOSE										
	Skriv inn risiko fellesskap:	1,3								
	Skriv inn arbeidsgiver:	1264001				Ønsket bruk:	600 000	0	0	
Austrheim kommune		Normal bruk av premiefond					Bruk av ekstraordinært tilførsel til premiefond			
BUDSJETT		2 021	2 022	2 023	2 024		2 021	2 022	2 023	2 024
Anslag samlet innbetaling		2 722 000	2 803 000	3 020 000	3 100 000		2 122 000	2 803 000	3 020 000	3 100 000
Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunnlaget		18,4 %	18,4 %	19,2 %	19,1 %		14,4 %	18,4 %	19,2 %	19,1 %
Netto pensjonskostnad		1 612 000	1 647 000	1 689 000	1 729 000		1 623 000	1 668 000	1 711 000	1 752 000
Omkostninger		113 000	117 000	121 000	126 000		113 000	117 000	121 000	126 000
Amortisert premieavvik		232 000	381 000	473 000	686 000		232 000	294 000	383 000	593 000
Samlet pensjonskostnad		1 957 000	2 145 000	2 283 000	2 541 000		1 968 000	2 079 000	2 215 000	2 471 000
Samlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunnlaget		13,2 %	14,1 %	14,5 %	15,7 %		13,3 %	13,7 %	14,1 %	15,2 %
Årets premieavvik (positivt avvik som inntekt)		997 000	1 039 000	1 210 000	1 245 000		385 000	1 018 000	1 188 000	1 222 000
FORUTSETNINGER		2 021	2 021	2 023	2 024					
Pensjonsgrunnlaget i året		14 783 000	15 226 000	15 713 000	16 216 000		14 783 000	15 226 000	15 713 000	16 216 000
Avskrivningstid (Amortiseringstid)		7	7	7	7		7	7	7	7

KLP har fylgjande forventningar om framtidige premieauke

Det er særskilt to tilhøve som vi må ta omsyn til når vi skal vurdere bruken av premiefondet til betaling av premie i 2021 eller seinare.

KLP forventar auka krav til avsetning og premieauke for AFP frå 2025, når medlemmer født i 1963 fyller 62 år og kan ta ut ny livsvarig AFP. Det er mellom anna framleis stor usikkerheit rundt regelverket for ny AFP til alle fødd i 1963 og seinare.

I løpet av dei næraste åra forventar KLP endring i pensjonsreglane for personar med særaldersgrense. Dette omfattar mange medlemmar i KLP. Nye reglar for særaldersgrenser kan også medføre auka premiar.

Dersom vi vel å ha inneståande midlar på premiefondet kan desse brukast til å stabilisere premieinnbetalingane ved slike premieaukingar i komande år.

KLP ber oss om attendemelding innan 18 juni om korleis vi ynskjer å nytta premiefondet på annan måte enn det som no er lagt opp til.

Konklusjon

Kommunedirektøren rår til at ein nyttar 50 % av den ekstraordinære utbetalinga i 2021 og at resten av dei frigjevne midlane vert sett av til å kunne nyttast til å betale evt auke i premieinnbetalingane.